



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/20	Skule- og kulturutval	04.06.2020

Kommundelplan for kultur og idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021 - Framlegg av tiltaksprogram til offentlig ettersyn

Bakgrunn for saka:

Skule- og kulturutvalet gjorde vedtak om oppstart av revisjon av planen (SK-007/20) 30.januar i år. Pga koronavirus har arbeidet med delar av planen stoppa opp, men arbeidet med tiltaksprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som skal ligge ved planen har gått som planlagt.

Vedlagt følgjer framlegg til vidareføring av vedteken plan (2017-2020), samt revisjon av tiltaksprogram 2021-2024. Planen vert lagt ut til offentlig ettersyn i tida 8.juni-10.august 2020.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Plan- og bygningslova § 11-14

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlagt saka:

Vedlegg i saka:

Kommunedelplan for idrett fysisk aktivitet og friluftsliv - 2017-2020sisteverisjon	1460582
TILTAKSPROGRAM ANLEGG 2021_2024	1460585

Saksopplysningar:

Skule- og kulturutvalet gjorde vedtak om revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og kulturplan som ein ny felles plan, 30.januar i år. Arbeidet med planen er blitt forsinka og utsett pga koronavirus. Ein har likevel valt å halde fram arbeidet med tiltaksprogrammet for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv pga av krav til oppdatert handlingsprogram for å kunne søkje om spelemidlar til anlegg i 2021-2024. Prosessen med tiltaksprogrammet har gått føre seg via epost og telefonar. Ein har ikkje hatt opne møte pga smittevernreglane.

Frivillige lag og organisasjonar, skular, folkehelsekoordinator, idrettsråd og private har fått tilsendt informasjon om revisjonen og frist for innspel til programmet. Frist var sett til 4.mai. Innspela er lagt inn i det nye tiltaksprogrammet som no skal ut på høyring. Anlegg som står som nr 1-8 ordinære

anlegg og 1-5 nærmiljøanlegg i tiltaksprogrammet har søkt spelemidler i år, men vi veit per i dag ikkje kven av dei som får tildeling. Fylkestinget handsamar saka om spelemidler til anlegg 4.juni i år. Anlegg som får full tildeling vert teke ut av lista, resterande vert med vidare som «gjenteken søknad eller ein fornya søknad» i 2021.

Anlegg merka med raud skrift i tiltaksprogrammet kan bli endra pga av tildeling av spelemidler i år. Anlegg merka med blå skrift, skal i tillegg til å vere med i kommunedelplanen og vere prioritert i den regionale idrettsplanen for å løyse ut spelemidler.

Tiltaksprogrammet kan bli endra etter at høyringsfristen er ute. Endringar /tillegg vert lagt fram i samband med politisk behandling og vedtak av tiltaksprogram og ny plan i haust. Høyringsfristen er ekstra lang pga ferietid.

Det vert annonsert i avisa, facebook og heimesida til Stryn kommune om tida for off.ettersyn.

Vurdering:

Skule- og kulturutvalet får presentert framlegg til vidareføring av plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt nytt tiltaksprogram for 2021-2024. Prosadelen i planen (2017-2020) er ikkje endra/revidert då ny felles plan for kultur og idrett er under arbeid. Plan og nytt tiltaksprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn i tida 08.06.20-10.08.20

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020, samt nytt tiltaksprogram for 2021-2024 vert lagt ut til offentleg ettersyn i tida 08.06.20-10.08.20

Skule- og kulturutval 04.06.2020:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

SK- 025/20 Vedtak:

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020, samt nytt tiltaksprogram for 2021-2024 vert lagt ut til offentleg ettersyn i tida 08.06.20-10.08.20.